



Valldal Idrettslag

Referat frå styremøte torsdag 20. august 2015 kl 20.00 på Klubbhuset

Desse møtte:

Anders Rem, Kristin Sandnes, Liv Marit Indreeide, Trond Håvoll, Inge Sunde

Fotball v/Richard Moen

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Kristi Linge Stakkestad

Trim v/Kikki Magnussen

Sak 20/15 Orientering frå gruppene og styret, inkludert utbygginga på Idavollen og idrettshall

Trimgruppa: Sal av trimkort går bra. Var med å arrangere Jordmormarsjen, god oppslutning Stor aktivitet på diskgolfbana på Jemtegård, også ungdom som ikkje er aktiv i andre grupper i idrettslaget. Jemtegård open med god oppslutning og høgt nivå.

Friidrettsgruppa: Har gjennomført to Valldal-Liabygda cupar. God oppslutning. To står att. Storfjordstemnet i Eidsdal 30.8. Gjennomfører også 12 timars dommarkurs i tilknytning til stemnet, trur 3-4 deltakarar frå Valldal

Fotballgruppa: Aktivitet i gang etter sommaren. Like mange lag som i vårsesongen. Pressa kapasitet på bane. Må flytte kampar og treningar. Også spelarar frå Liabygda og kanskje Eidsdal.

Skigruppa: Startar med barmarktrenoingar i september, samling på Ulsheim, Stryn, siste helg i september. Tre gutar med i Storfjordlangrenn.

Styret: Søkt om moms kompensasjon, grunnlag ca 2,6 mill.

Kjøpt inn telt 8x4 m i til olsok, kostnad om lag kr 10.000

Inga avklaring grunneigar lysløypa

Sandvolleyballbaner på Sylte i bruk i sommar

Turkart Valldal-Fjørå utarbeidd og i sal. Vi har utgifter til trykking ca kr 6.000.

Inntekter frå annonsesal ca kr 13.000 (Viktor Valdøl har gjort ein god jobb!) og sal av kart, kr 10 pr stk. Skilting av råser i nedre Valldal som VIL har teke ansvar for er stort sett på plass.

Elkontroll på klubbhuset er utført av SystemElectro. Ein del manglar påpeika i rapport

Idavollen: Lysmaster er røyst og grunnarbeidet starta opp. Planen er at det skal vere klart for å legge kunstgras i midten av oktober. Gåvemidlar innsamla om lag kr 70.000. Mellombels lånefinansiering er i orden.

Bygg for idrett og kultur: Arbeidet går etter planen og er forventa ferdig til skulestart 2016.

Denne vinteren er Tafjord skule tilgjengeleg for innandørs treningar.



Valldal Idrettslag

21/15 Sommararrangementa

Mefjellet opp og Olsok er gjennomført og begge vart vellykka. Brutto inntekt om lag kr 270.000, men det er også store utgifter slik at netto er kr 120-130.000. Er utgifter for store t.d. til underhaldning? Har vi kapasitet når oppslutninga, spesielt på olsok, er så stor? Det er fleire spørsmål som kan diskuterast. Det vert invitert til opa evaluering der både næringsliv/turistnæring og andre interesserte vert invitert.

22/15 Områdeutvikling for anlegga på Omenås

Vi har mange anlegg på Omenås/Myklebust. Det bør utarbeidast ein plan for vidare utvikling av anlegg og område. I tillegg må det lagast plan for vedlikehald og drift av anlegga. Utkast til plan kan anten gjerast av ei eiga nemnd eller styret arbeider med dette.

Konklusjon er at styret arbeider vidare med dette. Ei, første grovkisse vert lagt fram til neste styremøte

23/15 Møter – aktivitetar utover hausten

- Samhandlingsmøte med andre lag-organisasjonar i kommunen tysdag 8. september

Trond møter på dette

- Møterunden MARIK, Spjelkavik tysdag 8. september

Anders og Einar møter på dette

- Folkehelseveka - Friluftslivets år

Det er ikkje lagt opp til spesielle aktivitetar i Folkehelseveka 18.-27.9 utanom dei aktivitetar laget har denne veka. Det er ønskjeleg med eit eige arrangement i løpet av hausten for å markere Friluftslivets år, t.d. ein Fellestur

24/15 Valldal stadion

Friluftsdelen av stadion har grodd til med mose og diverse andre vekstar. Dette er no sprøyta og det vert dognad måndag 31.8. Då skal ugraset skrapast vekk, skråningar skal ryddast og gjerde skal reparerast. Oppgåver fordelt.

25/15 Diverse

- Innkjøp av brannvarslarar, brannslukningsapparat og medisinskrin til klubbhuset. Ansvar: Anders.
- Branninstruks for klubbhuset. Skal legge ved utleigekontrakt og hengast opp. Ansvar: Einar
- Kurs i bruk av hjartestartar v/Åge Henriksen Ansvar: Einar
- Til neste styremøte skal det lagast ein møteplan for styremøte fram til årsmøtet. Beste møtedag er torsdag.

Referent Einar